



Bøkkerverkstaden hadde også besøk frå Guatemala i fjor. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det var 1.500 gjester innom Bygdetunet Rød/Bøkkerverkstaden og Haugland Skulemuseum i fjor, går det fram av årsmeldinga for dei tre kommunale musea (Rosendal-samlingane er den tredje). Besøket på Rødtunet/Bøkkerverkstaden var som året før, medan det var ein auke i skulemuseet grunna Kulturminnedagen og grupper.

Rødtunet og Bøkkerverkstaden hadde besøk av sju skuleklassar og 11 andre grupper. Det var tre arrangement der.

Skulemuseet hadde besøk av ei barnehagegruppe og fire andre grupper og det var konsert- og songkveldar samt Kulturminnedag der.

Ei viktig sak i arbeidsåret 2007 var ferdiggjering av kaia ved Bøkkerverkstaden.

Komite for oppvekst, kultur og idrett har – som rådmannen hadde forslag om – vedteke at den noverande modellen med drift og organisering av dei kommunale musea skal halda fram i valperioden 2007/2011. Det skal velgjast nye arbeidsutval for kvar av samlingane og eit felles styre for Kvinnherad Museum.

Verksemdsleiar Kristian Bringedal skriv at dei så langt har gode røynsler med at kvart av musea har eit arbeidsutval på tre medlemmer. Arbeidsutvala har til oppgåve å ha tilsyn med samlingane, utføra enkle vedlikehaldsoppgåver, skapa aktivitet og vera ei støtte for kommunen og kulturkontoret.

For styret er det ei viktig oppgåve å ha tett kontakt med det faglege miljøet på regionsmuseet Sunnhordland museum og andre kulturvernorganisasjonar. Det er også avgjerande å få med museumsinteresserte personar som kan vera med og skapa aktivitet og stå for tilskipingar med eit variert kulturtilbod.

Av Ola Matti Mathisen



Under Kulturminnedagen på Haugland las Kjell Musland frå bibelsoga. (Foto. Ola Matti Mathisen)